



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømeråd

Dato: 9.3.-2021

TRUSOPPLÆRING BJØRGVIN – TILDELINGSBREV 2021

Tildeling av øyremerkte midlar til trusopplæring i kyrkjelydar i Den norske kyrkja i Bjørgvin bispedøme.

For 2021 gjev Bjørgvin bispedømeråd tilskot til alle einingar i trusopplæringa i dei kyrkelege fellesråd i Bjørgvin bispedøme. («Eining» er ein einskild kyrkjelyd, eller samarbeidande kyrkjelydar innan eit fellesråd)

Bjørgvin bispedømeråd vil utbetala tilskot i **ein** termin, fortløpande, etter som rapport frå 2020 er levert.

Tilskotet fellesrådet får tildelt til trusopplæring, er basert på tildelingane som vart avtalt for kvar eining, etter vedtak i bispedømerådet. Årets beløp er prisjustert med 2,68 % , i samsvar med den øyremerkte rammetildelinga til trusopplæring, frå kyrkjerådet til Bjørgvin bispedøme.

Fellesrådet si forvaltning av midlane.

Vi viser til godkjenningsbrev frå biskopen, godkjende lokale planar for trusopplæring i kyrkjelydane innafør fellesrådsområdet, dei oppretta stillingane, tidlegare avtalar og vedtak frå gjennomføringsfasen og «Forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den norske kirke, av 01.01.21» Tilskotet vert gjeven til fellesrådet med henvisning til § 17 i kirkeordning for Den norske kirke.

Målet er gjennomføringa av ei systematisk og samanhangande trusopplæring for alle innanfor fellesrådsområdet i alderen 0-18 år, uavhengig av funksjonsevne. Godkjende lokale planar for trusopplæring i fellesrådsområdet skal vere førande for bruken av tilskotet. Planen for trusopplæring, vedteke av Kyrkjemøtet 2009, er ein retningsgjevande plan for trusopplæringsarbeidet i den einskilde kyrkjelyden. Soknerådet er ansvarleg for vidareutvikling og gjennomføring av lokale planar, ref. § 12 i kirkeordning for Den norske kirke.

Tilskotet er gitt for å styrkje trusopplæringa for barn og unge, og skal nyttast på personalutgifter, driftsmidlar, inkludert aktivitetsrelaterte utgifter, samt utgifter til kurs, informasjonsarbeid, opplæring og administrasjon.

Vilkår for tildeling.

Kyrkjeleg fellesråd skal:

1. Legge til rette for at det blir utarbeidd lokale planar for trusopplæring for alle døypte mellom 0-18 år i alle kyrkjelydar/samarbeidande kyrkjelyder i fellesrådsområdet iht §12 i kyrkjeordning for Den norske kyrkje
2. Finna gode samhandlingsmåtar med sokneråda til beste for gjennomføring av godkjende lokale planar. Dette skal vere i tråd med ansvar og oppgåver slik dei er skildra i kyrkjeordninga.
3. Sørgje for at personalressursar og midlar til tilskot blir disponert på ein måte som medverkar til at det blir gitt eit tilbod om trusopplæring i alle kyrkjelydar i tråd med vedtekne lokale planar
4. Som valt organ vedta eit samla budsjett for midlane som kjem som tilskot frå Kyrkjerådet. Budsjettet skal mellom anna fordele midlane på personalkostnadar og midlar til drift. Fellesrådet skal òg vedta kor stor del av midlane til drift som kan disponeras av kvart sokn.
5. Føre rekneskap for tilskotet til trusopplæring og tilhøyrande utgifter. Rekneskapen må førast på eigen kostnadsstad/prosjekt pr. sokn slik at eigna rapportar kan takast ut. I dei

tilfelle der sokneråda fører rekneskapen for driftsmidla, skal desse først på ein eigen kostnadsstad og soknerådet skal rapportere til fellerådet på bruken av midlane, slik at fellerådet kan sende til bispedømerådet ein total oversikt over korleis tilskotet er nytta. Til saman skal dette gje oversikt over korleis heile tilskotet til trusopplæring frå bispedømerådet er nytta.

6. sørgje for at rapportering av rekneskap og aktivitet blir følgt opp i samsvar med fastsette fristar og rutinar.

Rapportering

Revidert rekneskap, for den tildelte summen for 2021 skal innrapporterast til bispedømet innan 15. mai 2022. Revisjonsberetninga til fellerådet skal leggjast ved. (Ettersom det ikkje er klart til 15.mai)

Rapport for gjennomførte tiltak og vurdering av status for kyrkjelydens trusopplæring i 2021 skal leverast innan 15. januar 2022, ved hjelp av det digitale planverktøyet for trusopplæring: <https://trosopplaring.kirken.no>

Unytta midlar

Ved underforbruk har fellerådet høve til å omdisponere midlar mellom budsjettpostane. Endringane skal drøftast med dei kyrkjelydane det vedkjem. Større endringar skal berre skje etter avtale med bispedømerådet.

Unytta midlar på inntil fem prosent av totalt tildelt sum til fellerådet, vil automatisk bli overført til neste budsjettår. Desse blir plassert i eit bunde fond. Det er ikkje høve til å akkumulere mindreforbruk over fleire år som utgjer meir enn fem prosent av årleg tildeling.

Ubrukte midlar over fem prosent av total tildelt sum går automatisk til frådrag i neste års løyving, og blir forvalta av bispedømerådet til trusopplæring i bispedømet. For tilskotsmottakarar med lav tildeling er grensa 10.000 kr, sjølv om det er meir enn fem prosent av tildelinga.

Tilgang til kontroll og moglege sanksjonar

Bispedømerådet kan gjennomføre naudsynt kontroll av at dei tildelte midlane blir nytta etter føresetnadene i dette tildelingsbrevet. Dersom det i ettertid viser seg at tilskotet ikkje er nytta til det gitte formålet, kan bispedømerådet krevje deler eller heile summen betalt tilbake.

Med vennleg helsing

e.f. Jan Ove Fjellveit,
Stiftsdirektør

Torfinn Wang
Rådgjevar barn, unge, trusopplæring